


Årsmøte sak 9.2/ 2025 - Ny turveg frå Vassverket til Jarebu Dagsturhytte.



Jarebu har hatt svært godt besøk med ca 800 registrerte i turboka i 2023 og ca 1100 i 2024. Ikkje uventa medførte dette ein del slitasje med blaute og oppgatte parti, særleg for stien frå Vassverket som går i ein del myrlendt område. Øvre 400 m på denne er også svært bratt og steinete.

Ein ser derfor på eit prosjekt med grusa turveg frå Vassverk til Jarebu.

Dette er utført så langt:

- Steinar Haugen og Olav Mandt gjekk befarings med Landmåler Sør den 19.11.24. Det var 15-20 cm snø (og gaupespor ved Vassverket) så ein la inn ein førebels «grovtrase». Det kan bli justeringar ved finstikking på barmark. Lengda fram til Jarebu er 1 270 m.
- Landmåler Sør har laga kartoversikt med lengder og høgdeprofiler.

Vedlegg 7

Prosjektbeskrivelse

- Pga mykje myrlendte område, særleg dei først 400 m, treng ein tilkøyrd masser. Der ein legg duk under.
- Turvegen er derfor tenkt bygd ca som «enkel traktorveg» klasse 8 med ca 10-15 cm gruslag i 2 – 2,5 m breidde.
- Som toppslag leggje på jord og så til slik at grus stripe blir 0,5 til 1 m brei..
- Første 400 m er mykje myrlendt så reknar å leggje duk med tilkøyrd masse og tykkelse 50 – 60 cm.
Frå 400 til 800 m skal ein i hovudsak kunne nytte eksisterande masser, men med noko duk. For 800 til 1200 er det bratt og lite masser, med ein del fjell. Vurdere løysingar når ein kjem i gang, men vil unngå fjellsprenging.
- Det er tenkt 3 snuplasser, ved ca 400, 800 og 1200 m som også kan nyttast til rasteplasser med benker.
- Ein treng mellomlagingsplass for masser ved Vassverket. Denne tenkjer ein etterpå å nytte til ny parkering for ca 10 biler. Område vises på kart.

Kostnadsoverslag - Vedlegg 7.1

Ein har vore i kontakt med Hovden Hyttetjening og Uleberg og Trydal vedr kostnadsestimat. Både seier ca 1000 kr pr løpemeter pluss MVA. I tillegg kjem planlegging, prosjektering, stikking, kartgrunnlag, rydding av trase pluss diverse.

Samla kostnadsestimat er på kr 2 045 750.- inkl MVA. Av dette er MVA kr 388 750.-

Det er 50 % i spillemidler for slike prosjekt som kan gjeva **kr 1 022 875.-.**

Ein vil søkje kommunen om 33% tilskott, **kr 675 098.-**

Bykle IL sin andel kan ut frå dette bli kr 245 777.- pluss 330 t dugnad a kr 300 = kr 99 000.-

Styresak 24/ 24 – 18.12.2025 – turveg til Jarebu

Styret hadde litt forskjellige oppfatninger, som for eksempel å leggje plank eller andre tiltak istaden for opparbeiding av veg.

Vedtak vart at ein legg dette fram for årsmøtet.